

HAUGSEÅSEN

ca. 400 moh

I Haugseåsen ligg det mykje historie, synlege bevis på aktivitet heilt frå eldre jernalder.

Under veganlegget på skogsbilvegen heim Åsen, ved Kolgrovehaugen, fann eg ein del jarnslag i vegskråningen. Analyse av dette viste at det var slagget etter ei jarnvinne, truleg frå eldre jernalder. Produksjon av jarn frå myrmalm var ein arbeidskrevjande og komplisert prosess. Denne måten å framstilla jarn på gjekk ut på 1500-talet.

Lenger inne, ved Vetlatræet, kom det for dagen store mengder kol i vegskråningen. Det gamle namnet på denne plassen var Tjørejadlen. Her var ein plass dei brende tjøre. Grunn til å merka seg er at utan veganlegget hadde desse to plassane aldri vorte funne. «Tida lækjer alle sår.» Under arbeidet med lysløypa i Våtræet vart det og registrert eit 20-30 cm tjukt kollag. Høgst truleg tjørebrenning her og. Spreidd over heile Åsen finn me mange kolgroper. Registrert ca 10, heilt sikkert mange fleire. Her produserte dei trekol til bruk i jarnvinna, men mest til bruk i smia, som fanst på dei fleste gardar.

Mange utslåtter var her og, Askjelstræet, Slåtto, Tveita, Våtræet og Vetlatræet.

Den siste gjekk først ut av bruk, truleg tidleg på 1800-talet. Men grunnsteinane etter ei lita løe ser me den dag i dag. På Askjelstræet var det 3 løer, på Tveita 3, i Våtræet 2 og på Vetlatræet 1. Her er og rekna som løer dei 2 vårflorane, her var ein lem til turhøy. Frå alle desse utslåttene vart høyet køyrt heim på vinterføre.

Dei to bruka på Haugse og eine bruket i Hausnes hadde kvar sin vårflor. Øvsta-Haugse og Hausnes på Askjelstræet, nesta-Haugse på Tveita. Åsen var inngjerda for storfe og brukt som vår og haustbeite. Om natta sto kyrne inne i vårflora, mjølka kveld og morgon. Høgste sumar var dei på stølen Vatnasete.

Flyvåpenet hadde ei vakthytte på Askjelstræet.

Den var i bruk nokre år før krigen, og nokre år etter. Her vart all flyaktivitet observert og rapportert direkte til forsvaret. Flykjenning var ein vesentleg del av vaktposten sitt oppdrag. Vakthytte på Askjelstræet var bygd i 1939. Her var vakt frå våren 1939 til april dagane i 1940. Etter krigen, truleg i 1950, vart det på nytt oppretta ein luftvaktpost. Heimevernet i Granvin vart pålagt å oppnemna vaktmannskap. Vaktposten rapporterte alle observasjonar direkte til Bergen over telefon. Vaktordninga vart nedlagd på 1960-talet. Hytta er no i grunneigaren si eige. **Forts.**

Tekst på steinen: "Gje meg sinnsro til å godta det eg ikkje kan forandra, mot til å forandra det eg kan og visdom til å sjå skilnaden. 2009."

Olav S. Haugse (tekst & stein)



Askjelstræet. Før skogen grodde til var her ei eventyrleg utsikt, i alle retningar. Vakthytte midt i biletet. Vårflora til Hausnesbruket til høgre. Dronefoto: Leif Kåre Havås, 27. des 2023.



Foto Anne Lorentzen

Forts:

Skogsdrift var ein vesentleg del av levebrødet for begge bruka på Haugse. I Åsen fann me både tømmer og ved. Under krigen vart det m.a. hogge 750 mål ved i Våtræet. Før vegen kom var det å køyra tømmeret på snøføre til Hausnes. (Bra det var stødigare vintrar den gong.)

Orrfugl var det mykje av i Åsen.

Ein stor leik var det på Askjelstræet. På 1950-talet forsvann all orrfuglen over natta. Truleg masseutvandring til kysten. Ingen har forklaring på dette fenomenet.

Men sjølve «Diamanten» i Åsen er, for meg, tiurleiken i Øykjakroken. Dette våreventyret er av mine store høgdepunkt. Ikkje rart at tiuren er kalla Trollfuglen. Sjå berre på han når han kjem stigande ut av svarte natta! Av viltet er det berre hjorten og tiuren som har auka på i seinare tid. For tiuren er det aller viktigaste krav å ha ro i speltida.

I periodar har nok ogso jakt vore ein liten del av det daglege brød.

For snart 40 år sidan kom det spørsmål frå idrettslaget om ei lysløype i Haugseåsen. Det enda opp med ein god avtale mellom idrettslag og grunneigarane. Med stor dugnadsinnsats og imponerande leiing av Randolf Knotten kom anleggsarbeidet i mål uten eit øre i gjeld. Veldig kjekt å oppleve den gleda unge og eldre har av dette tiltaket.

Vonar berre at dei som styrer klimaet gjev oss snø i framtida!

Me stoppar opp litt, ser bakover i tid. Ein gong gjekk all tid med til å skaffa nok mat på bordet.

Døme: Ho besta hadde vore budeie på Vatnasete i 40-50 år. Ho hadde aldri vore på nabostølen Måvatn, det er då berre ein halv time å gå. Eg spurde kvifor. Svaret kom kontant og låg heilt opp i dagen: «Eg hadde aldri noko ærend.» Det var ikkje rom for det som «Jø»* (Ragnvald Jørgensen) kalla: «Det skjønne unyttige». I dag er det ikkje slik, maten er sjølvsgd. Men me skal bøya oss i støvet for dei som la grunnlaget for vår velstand. Kva er så årsaker til ei positiv utvikling? Det er «Avvikarane» som ser moglegheiter og alternativ. Det er «Slitarane» som gjer jobben. Begge er like nødvendige og verdfulle.

Historien er vår viktigaste lærebok. Til alle tider har distrikts-Norge utnytta landskapet i nærmiljøet, det må dei og for å overleva. Men måten å utnytta landskapet på endrar seg sjølvsgd over tid, med vekslande tider, moglegheiter og krav. Sjå berre på dei aktivitetar som gjennom tidene har føregått i Åsen. Skal utkantbonden

og naturbrukaren overleva må han bruka landskapet, ikkje konservera det. Det er rom for både næring, fritid og natur i Haugseåsen!

Olav S. Haugse.

GOD TUR! Granvin turlag.

** JØ (Ragnvald Jørgensen) journalist i Bergens Tidende 1923 - 69, skreiv mange artiklar frå Granvin "hvor han tilbrakte somrene". Han illustrerte artiklane sjølv.*

*Frå lysløypa i Haugseåsen.
Foto Anne Lorentzen*



“Men sjølve «Diamanten» i Åsen er, for meg, tiurleiken i Øykjakroken. Dette våreventyret er av mine store høgdepunkt. Ikkje rart at tiuren er kalla Trollfuglen”. Foto: Leif Kåre Havås

